



Ansvarleg for hjelpemiddel i Luster Bjørn Ove Nytnun Leirdal saman med driftsansvarleg Paul Fransen framfor porten til det nye hjelpemiddellageret.

Nytt hovudlager for hjelpemiddel

Det vert no teke i bruk nytt hovudlager for hjelpemiddel. I den gamle brannstasjonen ved Parken er det sett i stand ca. 90 m² med areal veileigna til både lager, reinhald og små reparasjonar. I resten av denne bygningen har ATS lokale for snikkarverksemda si.

Tilgang på rett hjelpemiddel når ein treng det er eit viktig arbeidsområde for den kommunale helse- og omsorgstenesta. Gjennom sommar og tidleg haust har det blitt arbeidd med opprusting av delar av den gamle brannstasjonen, og lokala er no blitt skikkeleg fine og godt eignelege til hovudlager for hjelpemiddel.

Arealet er delt i to, der størstedelen vert brukt som lager. I den resterande delen er det lagt til rette for reinhald og mindre reparasjonar. Lokaliseringa er god, med sentral plassering og tilgang rett frå bakkeplan. Her vil både transportørar frå Hjelpemiddelsentralen i Førde og lokale ha god tilkomst.

Ansvarleg for hjelpemiddel i Luster, Bjørn Ove Nytnun Leirdal ser no fram til å ta dei nye lokala i bruk. Sjølve drifta av lageret skal gjerast i samarbeid med ATS, med Paul Fransen som driftsansvarleg på lageret. Til å hjelpa seg med dei praktiske oppgåvene som reinhald, transport mm. har Paul

fleire av medarbeidarane ved ATS til disposisjon.

Lagerhaldet er også tenkt gjort enklare og betre ved bruk av eit eige data-system som inkluderer merking/koding av kvart einiskild hjelpemiddel. På denne måten vil ein forenkla og effektivisera både rutinar og lagerhold. I tillegg til hovudlageret har kvart omsorgssenter sitt eige einingslager med eigen lageransvarleg. Det «sky-baserte» systemet skal også omfatta desse einingslagera.

Me kjem attende med meir informasjon om heilskapen på hjelpemiddelområdet i Luster i eit seinare nummer av Lustranytt.